

LINDÅS KOMMUNE
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØDato: 07.12.2016
Vår ref.: 2016/34652-2
Saksbehandlar: karklep2
Dykkar ref.:

HANDLINGSPROGRAM FOR NÆRINGSUTVIKLING I HORDALAND TILSEGN OM TILSKOT PÅ INNTIL KR 300 000 TIL PROSJEKT OVERORDNA ANALYSE AV LINDÅS, MELAND OG BERGEN NORD - TILSEGN-145-2016.

Vi viser til søknaden dykkar med prosjektplan, datert 30.11.2016, om tilskot til ovannemnde prosjekt. Det er med glede vi kan melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 300 000 til prosjektet frå budsjettet for Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland.

For at tilsegna skal vere gyldig må de signere og returnere vedlagte standardvilkår innan 2 veker etter at tilsegnsbrevet er motteke. Dette som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for å gjennomføra prosjektet som planlagt. Tilsegna gjeld til 01.05.2018. Eventuell søknad om forlenging av tilsegna må sendast sakshandsamar før denne dato.

Ein oppmodar om fokus på berekraft med resultatmål for klima, miljø og folkehelse. Som regionsenter har ein spesielt ansvar for å medverka til godt fungerande lokalsentra elles i regionen som sikrar basal handelsverksemd og slik hindrar at bilbasert handel aukar. Ein vil også understreka krav til brei politisk forankring, samhandling på tvers av miljø og sektorar og god innbyggarmedverknad.

Meland kommune mottek parallelt støtte til: «Fremtidsrettet næringsutvikling og videreutvikling av attraktive senter i en pendlerkommune.» Ein vil oppmoda til god kontakt både før oppstart og undervegs i prosessen slik at ein vert komplementerende i arbeidet og i innhentinga av kunnskap.

1. Prosjektgrunnlag

Følgjande opplysningar er henta frå søkjar si utgreiing av søknaden;

Bakgrunn

Lindås kommune ynskjer å sjå nærare på handels- og nærings situasjonen i regionsenteret Knarvik med omegn, og dei andre to tettstadane i Lindås kommune; Lindås og Ostereidet, med hovudfokus på nærings- og handelssituasjonen. I tillegg ynskjer vi å sjå på situasjonene for ein ny kommune som skal etablerast frå 2020. Då er det naturleg å ta med Frekahug og Manger. Områdeplan for Knarvik sentrum er vedteken, og det vert arbeidd med gjennomføring av planen. I arbeidet med å leggje til rette for utvikling av regionsenteret med omland, ynskjer vi å få eit betre oversyn over handels- og nærings situasjonen i området i dag, og ei vurdering av satsingsområde for å bygge opp om den vidare utviklinga av regionsenteret med omland.

Prosjekt mål

Målet med arbeidet er å skaffa eit grunnlag for val og avgjerd i kommunen sitt planarbeid og strategiske utviklingsarbeid. Det er og eit mål å kunne nytte dette materialet i ei vidare satsing og rådgjeving med omsyn til handels- og næringsutvikling i regionsenteret med omland, og tettstadane i kommunen.

Aktiviteter**Fase 1: Forprosjekt for å spisse prosjektet**

- a) Etablere organisasjonen og gjennomføre møter med arbeidsgruppe, styringsgruppe og referansegruppe.
 b) Utlysning av anbud, evt. gjennom kommunen sin rammeavtale.
 c) Prosjektleder innhenter informasjon om forventninger til arbeidet.
 d) Prosjektleder innhenter tilleggsinformasjon, utfører analyse og vurderinger.
 e) Prosjektleder informerer arbeidsgruppe, styringsgruppe og referansegruppe.
 f) Dialog om konklusjoner og retning for videre arbeid.
 g) Utforming av prosjekt i fase 2

Fase2: Prosjektfase

- a) Førebuende arbeid, møter og innhenting av informasjon
 b) Analysefase
 c) Presentasjon og evt. korrigeringer / Ferdigstilling

Tidsplan

Januar
 Februar
 Mars-April
 Mai
 Mai
 Juni
 Juni
 August-November
 Desember

Organisering

Prosjekteigar: Lindås kommune Organisasjonsnr.: 935084733
 Prosjektleder: Øystein Sørhaug Epost: Oystein.Sorhaug@lindas.kommune.no

Prosjektorganisering:

Prosjektansvarleg i Lindås kommune: Ass. rådmann Hogne Haugsdal
 Prosjektleder i Lindås kommune: Næringsssjef Øystein Sørhaug
 Arbeidsgruppe: Næringskonsulent, prosjektleder infrastruktur og samferdsel, plansjef, eventuelt fleire.
 Politisk styringsgruppe: Formannskapet
 Administrativ styringsgruppe: Rådmannen si leiargruppe

Samarbeidspartnarar:**Referansegruppe:**

- Meland kommune, Radøy kommune og Bergen kommune vert invitert med inn for å gje innspel, og delta i drøftingar. - Nordhordland næringslag, Industrietvikling vest og handelsforeiningane i Knarvik vert invitert inn i arbeidet.

Forankring i HNH

«Styrke regionsenter gjennom satsing på næringsutvikling, miljøvenleg transport og berekraftige bu- og arbeidsområde som fremjar livskvalitet og folkehelse. Styrke prosjekta som er med i «Utviklingsprogram for byregionar». Styrke brei samhandling og utviklingsprosessar på tvers av miljø og sektorar, og bidra til samspel mellom kommunane, region og stat for å få ei positiv utvikling i kommunane.»

2. Godkjende kostnader og godkjend finansieringsplan**Løyvd beløp:** 300 000**Søknadsbeløp:** 300 000**Godkjend kostnadsplan**

Tittel	2016	2017	SUM
Evt. konferansedeltaking, fase 1	5 000		5 000
Konsulentarbeid, fase 2	380 000		380 000
Konsulentonorar, fase 1	190 000		190 000
Møte- og reiseutgifter, fase 1	5 000		5 000
Møte- og reiseutgifter, fase 2	10 000		10 000
Møte- og reiseutgifter, fase 2	10 000		10 000
Sum kostnad	600 000		600 000

Godkjend finansieringsplan

Tittel	2016	2017	SUM
Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland	300 000		300 000
Lindås kommune, eigen del	150 000		150 000
Lindås kommune, eigeninnsats	150 000		150 000
Sum finansiering	600 000		600 000

3. Vilkår for tilskotet

Generelle vilkår:

- Større endringar i prosjektplanen, derunder endringar i budsjett eller finansieringsplan, skal etter søknad frå tilsegnsmottakar godkjennast av fylkeskommunen. Søknaden må vere signert av prosjekteigar.
- Føresetnaden for fylkeskommunen si løyving er at prosjektet vert finansiert slik godkjend finansieringsplan ovanfor viser. Fylkeskommunen sin finansieringsdel kan dekkja **inntil 50,0 %** av dei godkjende kostnader.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt søknad. Om dette kravet ikkje er oppfylt, kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta.
- Informasjon om prosjektet kan verte omtala på www.hordaland.no
- **Valfritt (sakshandsamar vurderer):** Hordaland fylkeskommune deltek som observatør i styringsgruppa for prosjektet.

Profilering

- I alle presentasjonar av, og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.
Retningslinjer for profilering av Hordaland fylkeskommune; www.hordaland.no/profil

Delutbetaling

- Tilsegnsmottakar kan oppmode om delutbetaling gjennom www.regionalforvaltning.no. Oppmodinga må innehalde statusrapportering og kostnadsrapport over akkumulerte kostnader (last opp relevante vedlegg).
- Delutbetaling vil verte gjort i høve til godkjend kostnadsprosent på **50,0 % av akkumulerte kostnader**, maksimalt inntil 75 % av løyvd beløp på kr 300 000. Resterande beløp vert utbetalt ved prosjektavslutning, sjå neste avsnitt.

Prosjektavslutning og sluttutbetaling

- Straks prosjektet er avslutta skal tilsegnsmottakaren sende oppmoding om sluttutbetaling gjennom www.regionalforvaltning.no under «Ny utbetaling».
- I samband med oppmoding om sluttutbetaling skal det fyllast ut ein sluttrapport og kostnadsrapport i www.regionalforvaltning.no. Dette må skje innan 01.05.2018.
- Sluttrapporten og sluttrekneskapen skal handsamast av dei styrande organa i prosjektet og godkjennast av prosjekteigar. Signert *Sluttrekneskap for prosjektet* lastas opp som vedlegg til oppmoding om sluttutbetaling i www.regionalforvaltning.no. Dette gjev formelt grunnlag for endeleg utbetaling av tilsegna.
- 1: Statsautorisert- eller registrert revisor skal attestere sluttrekneskapen for tilsegn over kr 100 000. Alt. 2: Autorisert rekneskapsfører skal attestere sluttrekneskapen for tilsegn over kr 100 000.
- Tilsegnsmottakaren har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Klage / innsyn i dokumenta

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll. Vi gjer vidare merksam på at i medhald av §10 i Løyvingsreglementet og §12 i lov om Riksrevisjonen, kan Kommunal- og regionaldepartementet og Riksrevisjonen setje i verk kontroll med at midlane vert nytta som føresett.

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak som det vert klaga på, og dei grunnar som klagen støttar seg til. Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson og sakshandsamar for dette prosjektet er;
Kari Patricia Kleppe
Epost: kari.patricia.kleppe@hfk.no
Telefon: 90993968

Vi ynskjer dykk lukke til med gjennomføringa av prosjektet.

Med helsing

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Mette Nora Sætre
næringssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Frøydis Ones
Øystein Sørhaug

Vedlegg: Standardvilkår og Sluttrekneskapsskjema

Vi ber om at de signerer og returnerer følgende standardvilkår innan 2 veker etter at tilsegnsbrevet er motteke. Dette som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

Standardvilkår for Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Prosjektnamn: Overordna analyse av Lindås, Meland og Bergen nord
Tilsegnsnr.: Tilsegn-145-2016 **Løyvd beløp:** 300 000
Vår ref. (arkiv): 2016/34652

Følgjande kontrollerast av tilsegnsmottakar:

Tilsegnsmottakar: Lindås kommune

Postadresse: Lindås kommune Postmottak Kvernhusmyrane 20,
5914 ISDALSTØ

Org.nr.: 935084733

Kontaktperson: Frøydis Ones

Telefon: 56375633 **Mobil:** 48092884

E-post: froydis.ones@lindas.kommune.no

Sakshandsamar

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson og sakshandsamar for dette prosjektet er;

Kari Patricia Kleppe

E-post: kari.patricia.kleppe@hfk.no

Telefon: 90993968

Vi stadfester med dette at vi har lest tilsegnsbrevet og aksepterer vilkåra for løyvinga, samt tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

Signert standardvilkår av prosjekteigar:

Stad: Dato:

Signatur prosjekteigar:

Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen Eller på epost til sakshandsamar: kari.patricia.kleppe@hfk.no
